

From: Ottar Røyset[ottar.royset@hareid.kommune.no]

Sent: 24.06.2024 14:50:53

To: Postmottak HMR[Postmottak_MR@helse-mr.no]

Cc: Hareid kommune[postmottak@hareid.kommune.no]

Subject: Høyringsinnspel Samarbeidsavtalen 2025 (Hareid kommune) saksnummer 2024/1795

Hareid kommunestyre har følgjande høyringsuttale

Vedtatt 20.juni.2024

Helse Møre og Romsdal og Helse Midt har gjentatte gongar vist at dei ikkje tek pasientbehandling og kommunane på alvor. Helseforetaket har lagt ned Mork rehabiliteringssenter, og vil i praksis også legge ned Muritunet rehabilitering gjennom anbodskriteria, og Møre og Romsdal vil stå utan spesialisert rehabilitering utanom sjukehusa. Dette påfører Hareid kommune og kommunane ikring oss ein heilt uholdbar situasjon der pasientar ikkje vil få den hjelpa dei treng og har rett på nærast mogleg heimen. I Trøndelag er situasjonen heilt annleis, der Helse Midt bevarer ideelle rehabiliteringsinstitusjonar utanfor sjukehusa.

Helse Møre og Romsdal innfører også Helseplattformen sjølv om fleire tilsyn og rapportar har påpeikt svikt og fare for liv og helse, at Helseplattformen dokumenterbart går ut over pasientbehandlinga og er meirbelastande for dei tilsette, og imot klare råd og stemmegiving frå tilsette.

Hareid formannskap krev ein heilt annan dialog og tilnærming frå Helse Møre og Romsdal enn det det har vore siste året, og krev nye forhandlingar der Helse Møre og Romsdal forpliktar seg til betre pasientbehandling og -kapasitet.

Vedlegg: 329363_9_A (Politisk behandling)

Vedlegg: 329377_1_A (Administrativ høyringsuttale)

Med vennleg helsing

Ottar Røyset | kommunalsjef
Sektor for velferd
Mobil: 97797373



www.hareid.kommune.no